



BLINDSONE

Før- og etterarbeid
Lærarressurs

MÅLGRUPPE

Undervisningsopplegg i nynorsk for 10. trinnet og vidaregåande opplæring. Passar for elevar som lærer nynorsk som sidemål, hovudmål og andrespråk. I dette læringsopplegget tek elevane i bruk ein tverrfagleg og temabasert metode for å utforske ulike tema i det skjønnlitterære moderne dramaet *Blindsight*.

Vi møter Anwar og Walid, to mindreårige afghanske flyktningar på eit flyktningmottak i Nord-Noreg. Vi blir kjende med gutane og deira syn på forteljinga om dei. Dei spør seg: Kven har definisjonsmakta og fortel historiene? Kvar er blindsonene i samfunnet vårt? Hiphop-sjangeren er sentral i framsyninga.

Dersom de ønsker å lese romanen, er her framlegg til korleis ein kan arbeide med *Eit anna blikk* før eller etter framsyninga.

Erlend Skjetne (f. 1988) kjem frå Melhus i Trøndelag og har skrive romanen *Eit anna blikk*. For boka vart han nominert til Kritikerprisen og fekk Brageprisen i klassen barne- og ungdomsbøker.

I dette læringsopplegget tek elevane i bruk ein tverrfagleg og temabasert metode for å utforske ulike tema i det skjønnlitterære moderne dramaet *Blindsight*.

OM FRAMSYNINGA

Framsyninga *Blindsight* tek utgangspunkt i ungdomsromanen *Eit anna blikk* av Erlend Skjetne og fokuserer på representasjon, språk og definisjonsmakt. Desse omgrepene skal klassen mellom anna få gå i djupna på i undervisningsopplegget.

Framsyninga er eit oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune og er produsert av Nynorsk kultursentrum i samarbeid med Nynorskcenteret, regissør og manusansvarleg Mine Nilay Yalcin, scenekunstnarane Jahanger Ali og Samir Madad. Rolleinnehavarane har afghansk og norsk bakgrunn.

Ved å arbeide med teaterframsyninga kan elevane få verdfull innsikt i livserfaringane til andre menneske og moglegheit til å reflektere over kvifor det er så viktig å inkludere menneske med ulike bakgrunnar i fellesskapet. Gjennom arbeidet får dei også ta stilling til sentrale spørsmål knytte til rettferd, menneskeverd og moral.

OM ORGANISERINGA AV FOR- OG ETTERARBEIDET

Læringsressursen er delt inn i tre delar: før framsyninga, etter framsyninga, og avslutning.

Undervisningsopplegget kan med tilpassingar og vurderingar gjerast i delar eller heilskap.

Kvar del tek om lag 90 minutt. Ressursen som heilskap er på 270 minutt.

De finn også forslag til tilleggsoppgåver.

Desse læringsaktivitetane møter de i dei ulike delane

- Før framsyninga: Omgrepssjakt og samtale
- Etter framsyninga: Samtale og kreativ utforskning av manus
- Avslutning: Gruppeframlegg, samtale og sluttrefleksjon

UTSTYR TIL UNDERVISNINGA

- Utskriftsark som følgjer med ressursen.
- Skrivesaker til notat i samtalen.

1 FØR FRAMSYNINGA (90 MINUTT)

Omgrepsjakt

Heng opp omgretsdefinisjonane rundt om i skulegarden/nærrområdet. Del elevane inn i læringspar, og gå på omgrepsjakt.

Omgrepet står på eine sida av plakaten (**samtale**), og definisjonen på andre sida.

Bruk svara som grunnlag for klasseromsamtale til slutt.

Det går også an å lage ulike stasjonar i klasserommet og la elevane få ansvaret med å lese seg opp på omgropa og presentere dei for kvarandre eller framfor klassa.

Samtale

Blindsight er tittelen på framsyninga. *Blindsight* er også ein metafor fordi det skildrar noko ein ikkje kan sjå eller er medviten om, sjølv om det er der. I overført tyding refererer blindsone til område der ein manglar innsikt eller forståing, både fysisk, mentalt eller sosialt. Kva slags blindsone finst i samfunnet vårt? Kva trur de framsyninga kan handle om?

Undring, refleksjon og kritisk tenking. Framsyninga tek føre seg representasjon (eit omgrep på ei gruppe som uttalar seg og tek avgjersler på vegner av andre), språk og definisjonsmakt.

Vidaregåande nivå (tilleggsoppgåve, 90 minutt)

Les Nynorsk er makkritikk av Camara Lundestad Joof.

Blindsight er ein produksjon som nyttar nynorsk som scenespråk og arbeidsspråk. Reflekter over Joof sin påstand om at nynorsk språk og opplæring kan tolkast som makkritikk og eit demokratisk prosjekt, og kvifor nynorsk høyrer heime innanfor Den kulturelle skulesekken.

2 ETTER FRAMSYNINGA (90 MINUTT)

Klasseromsamtale om framsyninga

- Kva gjorde mest inntrykk på deg i framsyninga? Kva likte du med denne framsyninga?
- Var det noko i stykket som overraska eller rørte deg spesielt?

Ta fram PDF-fila Svar på søknadane om vern i Noreg (papira) på storskjerm. **Blindstone** fortel historia om papira til Anwar og Walid, det vil seie svara på søknadene om vern i Noreg:

- Kroppsleg læring, sosial og emosjonell kompetanse:
Korleis opplever du sakteksten på papira i kroppen, og kva tankar og kjensler får du?
- Korleis tenker de at ei slik sakføring kan og bør skje mest mogleg humant (menneskeleg)?
- Korleis vurderer de forma og tonen i svara, og korleis meiner de ordlyden burde vere?

VEDTAK

svar på behandling av søknad om vern

Navn: Walid Azimi

Statsborgarskap: -

Fødeland: Afghanistan

Oppsummering av vedtaket

Utlendingsdirektoratet (UDI) innvilgar søknaden din om vern (sjå utlendingslova § 28 første ledd bokstav a).

Det betyr at

- du får vern i Noreg
- tillatinga varer i fem år og at du kan fornye den.

VEDTAK

svar på behandling av søknad om vern

Navn: Anwar Hosseini

Statsborgarskap: -

Fødeland: Afghanistan

Oppsummering av vedtaket

Utlendingsdirektoratet (UDI) avslår søknaden din om vern (sjå utlendingslova § 28 andre ledd).

Det betyr at

- du ikke har rett til vern i Noreg
- du ikke får opphaldsløyve i Noreg
- du må forlate Noreg innan den fristen som står i brevet som følger dette vedtaket.

- Gå saman i læringspar og lag eit stillbilde av korleis de ser føre dykk det første møtet mellom Anwar og Walid. Korleis vil de få fram dei ulike karakterane i uttrykket?

- «The Arctic route»:

Walid mista sykkelen sin til grensevakter då han kom flyktande over Storskog.

Les **Sykkelberget** frå NRK nyhende i mars 2017.

De kan også vite om Brennpunkt-dokumentaren *Sykkelberget* i NRK.

- Kvar er Storskog? Sjå på **Google Maps**.

- Kva tenkjer de om denne historia og politikken? Diskuter.

- I stykket går karakterane ut av rollene sine og presenterer dei to skodespelarane.

Dette grepet kallar vi ofte brot i framsyninga:

BROT 2 :

Anwar:

Framsyninga de no skal få sjå er basert på ei bok. Det er ein klassisk historie. Vi har alle hørt den tidlegare. Den handlar om to mindreårige asylsøkjarar frå Afghanistan som bur på eit mottak i Nord-Noreg.

Eg er ein av dei.

Eg heiter Anwar Hosseini.

Eg spelast av skodespelaren Samir, og det er hans stemme eg låner no. Han er også frå Afghanistan, men han bur i Oslo. I motsetnad til meg er han skodespelar, fotograf og ungdomsarbeidar.

Denne historia handlar om å vente. Om makt. Om misbruk. Om å ikkje har rettar. - Men dette narrativet er gammalt - vi held fram å repetere historia om flyktningane som om dei er eit offer - vi snakkar for dei - dei snakkar ikkje for seg sjølv.

Men som vi veit: den som skriv historia bestemmer også sanninga.

BROT 3 :

Walid:

Tolmodet er overkomeleg når du veit at det ein dag ender. Boka handlar om å vente. Å vente på opphold eller avslag.

Framsyninga vår handlar om å vente på kva tid narrativet om oss skal få endre seg. Innan løva skriv si eiga historie vil alltid historia glorifisere jegeren.

Så eg vil i det minste fortelje namnet mitt. Eg heiter Walid. Men eg spelast av skodespelaren Jahanger. Jahanger betyr verdserobrar. Han har ei ganske anna historie enn meg. Men det er ikkje den historia de no skal få høyre.

Oppgåver til temaet i framsyninga

1. Kva likskapar og ulikskapar kan de sjå mellom karakterane og skodespelarane?
2. Kva kan dei to brota fortelje oss om innvandring og integrering?
3. Kva kan framsyninga fortelje oss om kva eit ja eller nei på ein søknad om vern og varig opphold kan bety for eit menneske?
4. Diskuter korleis vi i samfunnet kan få til god integrering. Kva bør staten gjere?
5. Walid har ei verje (Hege) som misbruker han seksuelt.
 - Finn fram **Håndbok for verjer**, kapittel 4.
 - Kva er ei verje?
 - Kva etiske retningslinjer skal ein følge når ein er verje?
Les og diskuter kapittel 1.2 Vergemålsreformens verdiplattform s. 5.
6. Kva er hovudbodskapen i straffelova § (paragraf) 193, og kvifor er denne lova så viktig i samfunnet vårt?

Den som skaffer seg eller en annen seksuell omgang ved misbruk av stilling, avhengighetsforhold eller tillitsforhold, straffes med fengsel² inntil 6 år.

På samme måte straffes den som skaffer seg eller en annen seksuell omgang ved å utnytte noens psykiske lidelse eller psykiske utviklingshemming.

- Korleis bidreg § 193 til å verne enkeltpersonar mot overgrep?
- Kva slags konsekvensar kan det ha for eit offer dersom § 193 ikkje blir handheva strengt?
- Korleis meiner du samfunnet kan arbeide for å førebygge brot på § 193?

Hiphop

7. Musikkstilen hiphop er sentral i framsyninga *Blindsight*. Hiphop-kulturen har fire element: rapping, DJ-ing, breakdance og graffiti. Rapparar kan fungere som rollemodellar og kan starte diskusjonar rundt ytringsfridom, rasisme og sosial urettferd.
 - Utforsk og finn døme på korleis (**norske**) rap-tekstar kan fungere som ein protest mot politisk og sosial undertrykking. Sjå gjerne ressursen **Hiphop – ordboka som kreativt verktøy**, og lytt til Øyehaug og Louilexus med albumet "Helse, miljø og tryggleik" (2024) der du strøymar musikk.

Kreativ skriving

Forfattaren av boka *Eit anna blikk*, Erlend Skjetne, har skrive *Ytring: Altfor god i norsk?*

8. Kreativ skriving: Skriv eitt vers i hiphop-sjangeren om broren til Walid og møtet med politiet i Bulgaria og Noreg.
• Kvifor trur de Skjetne ønskte å gi mindreårige flyktningar frå Afghanistan stemme gjennom romanen *Eit anna blikk*?

Språkval

9. Om språkval i romanen og framsyninga:
• Les *Kvifor nynorsk i Den kulturelle skulesekken?*
• Kva språkval har Skjetne gjort i romanen?
10. Døme: kva språkval har skodespelarane gjort i framsyninga?
Påverkar dei historia? Korleis/ korleis ikkje?

Spørsmål til samtale

11. Tekst i kontekst:
• Kva seier romanen *Eit anna blikk* om tida og samfunnet vi lever i (2021)?
• Kva seier *Blindsone* om tida og samfunnet vi lever i (2024)?
12. Var det noko de la særleg merke til og likte, og/eller ikkje forstod eller likte i framsyninga?
13. Korleis brukte skodespelarane kroppsspråk og stemme for å uttrykke følelsar og tankar på scena?
14. Korleis meiner de at scenografien og kostyma bidrog til å skape stemning og fortelje historia?

Kreativ utforsking av *Blindsone*-manuset (skriv ut utskriftsark av brota i manuset)

I stykket går karakterane ut av rollene sine og presenterer dei to skodespelarane. Dette grepet kallar vi ofte brot i framsyninga. No skal elevane få arbeide kreativt i fem læringspar eller grupper. Dei skal utforske og vidare formidle til klassen delar/brot i manuset til *Blindsone*. Arbeidsspråket er nynorsk.

Elevane vil få nokon lesebestillingar, der dei får i oppdrag å gå i djupna på og formidle til kvarandre arbeid med fem av brota i manuset.

Elevane skal nytte digitale verktøy undervegs i arbeidet. CapCut og Canva kan vere gode redigeringsprogram som ein kan bruke. Arbeidsmetodane er samtale og kreativ utforsking av manus. Legg fram gruppearbeida kronologisk i klasserommet, frå brot 1 til 5.

Føremålet med arbeidet med brota er djupare innsikt i livserfaringane til karakterane, og refleksjon over kvifor det er viktig å inkludere menneske med ulike bakgrunnar i fellesskapet. Gjennom arbeid med brota får elevane gå i djupna på sentrale spørsmål knytte til rettferd, menneskeverd og moral.

BROT 1:

Les utdraget

Walid: *Eg har aldri trudd på grenser. Vi blir alle fødde inn i denne verda, vi har vår tid her. Ho er lånt. Eg brukar mi tid her, akkurat som du brukar di. Vi er fødde inn i denne verda. Vi skal også forlate ho. Tida vår her er til låns. Men ho er vår medan vi har ho.*

Anwar: *Likevel eig nokon meir av verda enn andre – dei et av andre si tid – dei tek opp plass – dei kjøper og et seg inn i våre felles gode – gir vidare til sine eigne. Og så skriv dei historia på nytt – så vi alle gløymer at vi eigentleg har rett til vår plass her på jorda.*

Tekstskaping gjennom digital forteljing

Ta utgangspunkt i Walid eller Anwar sine replikkar om makt og tilhørsle.

Skriv ei mikronovelle gjennom seksordsnoveller.

Formgi teksten med lyd, bilde og kort film. Du skal formidle ei kort forteljing til klassen.
Gå i dialog med klassen om temaet.

Refleksjonsspørsmål til start og inspirasjon

- Kva er eit liv?
- Kva er menneskeverd?
- Kva er likeverd?

BROT 2:

Les utdraget

Anwar: *Framsyninga dokker no skal få, sjå er basert på ei bok. Det er ei sånn historie som du kanskje har hørt før, om flyktningar på eit mottak? Men det har du ikkje, denne er annleis. Men ja, ho startar med to mindreårige asylsökjarar frå Afghanistan som bur på eit mottak i Nord-Noreg.*

Eg er ein av dei. Eg heiter Anwar Hosseini.

Eg blir spela av skodespelaren Samir, og det er hans stemme eg låner no. Han er også frå Afghanistan, men han bur i Oslo. I motsetnad til meg er han skodespelar, fotograf og ungdomsarbeidar.

Denne historia handlar om å vente. Om makt. Om misbruk. Om å ikkje ha rettar. Men dette narrativet er gammalt – vi held fram med å repete historia om flyktningane som om dei er offer – vi snakkar for dei – dei snakkar ikkje for seg sjølv. Men som vi veit: Den som skriv historia, bestemmer også sanninga.

Les og drøft

Representasjon er ein term / eit namn på at ei gruppe personar uttalar seg og tek avgjersler på vegner av andre.

Representasjon kan også bety å produsere, det vil seie å skape noko nytt, i staden for å passivt kopiere.

Ungdomsromanen Eit anna blikk er utgangspunkt for teaterframsyninga Blindsight.

Teaterframsyninga Blindsight er utvikla innanfor metoden devised teater. Det er ein arbeidsmåte som står i opposisjon til tradisjonelt dramatisk teater, og fungerer også som ein teatral systemkritikk. Sentralt i metoden står medbestemming, samskaping og samhald.

Oppgåve

- «(...) den som skriv historia bestemmer også sanninga». Skriv ein reflekterande tekst der de viser med døme kva som ligg i ein slik påstand.
- Presenter teksten munnleg i klasserommet. Gå i dialog med klassen om temaet.

Til refleksjon i prosessen og presentasjonen i klasserommet

- Kvifor trur de produsentane av Blindsight (Møre og Romsdal fylke, Nynorsk kultursentrums Nynorsksenteret, regi og manusansvarleg Mine Nilay Yalcin, og utøvarane Jahanger Ali og Samir Madad) har utvikla ein representasjon av romanen Eit anna blikk? Kven av produsentane har størst legitimitet til å gjere dette, og kvifor? Utøvarane har flyktningbakgrunn frå Afghanistan.
- Kva nye tankar og medvit har de fått etter å ha sett og arbeidd med framsyninga Blindsight?

BROT 3:

Les utdraget:

Walid: Tolmodet er overkommeleg når du veit at det ein dag endar. Boka handlar om å vente.
Å vente på opphald eller avslag.

Framsyninga vår handlar om å vente på kva tid narrativet om oss skal få endre seg.
Innan løva skriv si eiga historie, vil alltid historia glorifisere jegeren.

Så eg vil i det minste fortelje namnet mitt. Eg heiter Walid. Men eg spelast av skodespelaren Jahanger. Jahanger betyr verdserobrar. Han har ei ganske anna historia enn meg. Men det er ikkje den historia dokker no skal få høyre.

Oppgåve

- Filosofisk samtale i gruppa:

Kva er tid? ...

Store norske leksikon definerer tid som ein abstrakt reiskap som vi bruker for å måle differansen mellom to tidspunkt. I fysikken vert tid, saman med lengde, breidde og høgde, rekna som ein av dei fire dimensjonane, koordinatane, som ein vanlegvis beskriv verda i. Alt som skjer, alt stoff, må beskrivast i tid og rom.

- Filosofisk samtale

Kva er tolmod? ...

Wikipedia definerer tolmod som evna til å tote vanskelege omstende. Tolmod kan innebere uthald i møte med forseinkingar, toleranse for provokasjon utan å reagere med respektløyse eller sinne. Det kan også vere tolmod under belastning (spesielt når ein står under langvarige vanskar), å kunne vente lenge utan å bli irritert eller lei. Tolmod vert også brukt til å referere til karaktertrekket standhaftig.

- Filosofisk samtale

Med utgangspunkt i ordtaket «innan løva skriv si eiga historie, vil alltid historia glorifisere jegeren» (Duncan, 2012). Kvifor er det viktig å kunne skrive si eiga historie / snakke for seg sjølv?

- Lag ein vlog/videopodcast der de tek utgangspunkt i kjeldene og legg fram tankar om temaat.

Formgi vlogen kreativt med lyd, bilde og kort film. Formidle til klassen. Gå i dialog med klassen om temaet.

BROT 4:

Les utdraget

Anwar: *Dei seier:*

*Ikkje døm boka ut frå framsida. Men nokre gongar kan det vere vanskeleg å late vere.
Innan du opnar ei bok, får du vite ei historie.*

*Og før du opnar denne boka, får du vite om ein framgangsrik og prislønt forfattar!
Ein som har fått Brageprisen! Ein som har blitt nominert til kritikarprisen!
På framsida står det "forfattaren gir stemme til dei stemmelause".*

*Men eg er ikkje stemmelaus. Eg har berre ikkje fått moglegheita til å bruke mi eiga stemme.
Den er gøynd under, bak, inni og rundt boka – i blindsonene til verda vår.*

Og der historia vår stoppar, fortset historia til forfattaren – i bokmeldingar, på framsider og i prisar.

Oppgåve

- Reflekter over omgrepet «å gi stemme til dei stemmelause». Kva fordelar og ulemper er det med dette uttrykket? La dykk inspirere av desse ressursane:
 - Ytringsansvar for dei stemmelause
 - Gi dei stemmeløse ei stemme.
- Utarbeid ein vlog/videopodcast der de tek utgangspunkt i kjeldene og legg fram fakta og refleksjonar om temaet. Formgi vlogen kreativt/visuelt med lyd, bilde og kort film. Formidle til klassen. Gå i dialog med klassen om temaet.

BROT 5:

Les utdraget og teksten *Draumen om medborgarskap*

Walid og Anwar:

Den afghanske kulturen er ein vakker og freddeleg kultur. Det kan kome som ei overrasking. For landet har vore i konstant krig i fleire år. Og no er Afghanistan styrt av Taliban.

Men historia om Afghanistan er om folket som bur der. Og folket bør bli kjent som verdsborgarar og ikkje eit offer for eit urettferdig regime, krig og folkemord.

Eg håpar at vi ein dag kan fortelje dykk ei anna historie enn den dokker no ser.

At mine barn ikkje skal trenge å lese denne boka, men heller ei bok som vil fortelje historia om dei som likeverdige menneske i denne verda.

For verda forandrar seg ikkje. Historiene held fram å vere dei same. Strukturane vil ikkje endre seg. Ikkje eingong i draumane klarer vi å sjå føre oss ei annleis verd.

A: *Sei meg, korleis kan det ha seg at nokon har rett til å bestemme korleis mi framtid skal bli?*

W: *Sei meg, korfor er det slik at nokon får lov til å skrive historia, og ikkje andre?*

A: *Sei meg, korfor tek nokon menneske seg til rette og krev av verda noko andre ikkje kan.*

W: *Sei meg, korfor er verda delt opp i dei som har rettar, og dei som ikkje har?*

A og W: *Fortel meg,
For eg forstår det ikkje, eg forstår det berre ikkje.*

Oppgåve – menneskerettar

- Kvifor er menneskerettar viktige?
- Kva er eit brot på menneskerettane?
- Utarbeid ein vlog/videopodcast der de tek utgangspunkt i tekstufragene og kjeldene, og legg fram fakta og refleksjonar om temaet. Formgi vlogen kreativt/visuelt med lyd, bilde og kort film.
Formidle til klassen. Gå i dialog med klassen om temaet.

3 AVSLUTNING (90 MINUTT)

Legg fram gruppearbeida for kvarandre. Gi tilbakemelding (to stjerner og eitt ønske, som er ei vurderingsform som gir elevar to positive tilbakemeldingar og eitt ønske for forbetring) og reflekter over produkta og innhaldet.

Les siste avsnitt av siste brot frå framsyninga til klassen:

Walid (voiceover):

Anwar lært meg eit ordtak på farsi: "دزاس یمن زیت ریشمش ریقف نهار." "Ahane faqir shamshera tez namesaza.

Som betyr: Dårleg metall kan ikkje bli eit skarpt sverd.

Du får ikkje kvalitet av dårlege råmateriale.

Så vi droppar å lage eit sverd.

Vi begynner å smi ein penn.

Ein dag skal vi skrive vår eiga historie på nytt.

Klasseromssamtale:

- Kva kan det innebere for eit menneske å miste røter og å mangle tilhøyrslle?
Stikkord kan vere stress, traume, eksistensiell uhelse.
- «Dårleg metall kan ikkje bli eit skarpt sverd. Du får ikkje kvalitet av dårlege råmateriale».
Korleis forstår de dette ordtaket?
- «Så vi droppar å lage eit sverd. Vi begynner å smi ein penn».
Korleis forstår de desse replikkane?
- Les om **Mangfaldig forfattarskule**.
Kva tenkjer de *Mangfaldig forfattarskule* kan bety for den enkelte og for samfunnet?
- Fridom er det motsette av å vere hindra, kontrollert, tvungen eller herska over.
Etikk er læra om moral. Formålet med etikk er å studere korleis ein bør handle (kva er rett og gale? Kva kan ein tillate seg og ikkje? Kva er godt og dårlig?).

Korleis finn ein balansen mellom vår personlege fridom og ansvaret vi har for kvarandre?

- Likeverd er at noko har like stor verdi:
(verdien av) likskap eller likestilling (mellan individ).
Likeverd er eit viktig grunnlag for demokrati og menneskerettar.

Reflekter over ideen om at alle menneske har like stor ibuande verdi, uavhengig av kjønn, funksjonsnivå, eigenskapar, evner, livssyn, sosial status, etnisitet, språk og kultur.

Sluttrefleksjon

- Har grupper arbeida og framlegga ført til at de får ei djupare forståing av framsyninga og tematikken?
- Er det noko ved framsyninga de er usamde om eller tolkar ulikt?
Kva likte de i forteljinga, og kva likte de ikkje?
Grunnje svara.

Lesetips

- FN-sambandet Afghanistan
- Nynorsk for innvandrarar? Sjølv sagt!
- Camara Lundestad Joof: Eg snakkar om det heile tida
- Sumaya Jirde Ali: Ikkje ver redd sånn som meg
- Snakk for deg sjøl

Kjelder

- Aahlin, A. K. (2023): *Hiphop*.
Henta frå <https://snl.no/hiphop>
- Bahus, V. B. (2024): *Flyktninger*.
Henta frå <https://snl.no/flyktninger>
- Berg, O. T. (2023): *Representasjon*.
Henta frå <https://snl.no/representasjon>
- Bikset, L. (2023): *Monolog*.
Henta frå <https://snl.no/monolog>
- Duncan, B. L. (2012): *Bli en bedre terapeut*. Gyldendal, Oslo.
- Engelstad, F. (2023): *Makt*.
Henta frå <https://snl.no/makt>
- Kverndokken, K. (red.) (2014): *101 skrivegrep – om skriving, skrivestrategier og elevers tekstskapning*. Fagbokforlaget, Landslaget for norskundervisning, Bergen.
- Nasjonal digital læringsarena (2023): *Former for makt*.
Henta frå <https://ndla.no/nb/subject:1:fb6ad516-0108-4059-acc3-3c5f13f49368/topic:1:f77c8919-a904-41b3-88a4-34281c13627c/topic:1:7c9d84be-98d0-45cb-8b9d-29d371d2235a/resource:2ecef-e27b-ee26-42dd-aab2-532bc6b04ddd>
- Nordbø, B. & Parr, H. K. (2023): *Likeverd*.
Henta frå <https://snl.no/likeverd>
- Ringnes, T. (2024): *Tid*.
Henta frå <https://snl.no/tid>
- Sagdahl, M. S. (2023): *Etikk*.
Henta frå <https://snl.no/etikk>
- Thorsen, D. E. & Lid, I. M. (2023): *Medborgerskap*.
Henta frå <https://snl.no/medborgerskap>
- Tranøy, K. E. (2023): *Ansvaret*.
Henta frå https://snl.no/ansvar_-_moralfilosofi
- Tranøy, K. E., Svendsen, T. O. & Thorsen, D. E. (2023): *Frihet*.
Henta frå <https://snl.no/frihet>
- Wikipedia.org (2024): *Patience*.
Henta frå <https://en.wikipedia.org/wiki/Patience>